



Sandra badar saman med unge vener i Uskedalen for nokre veker sidan

Uskedeling og UD-veteran Sandra Vekve (40) er no undervegs til Kabul der ho skal gjera teneste i 2 år ved den norske ambassaden. Arbeidsområdet hennes blir IKT og arkiv. Sandra har vore tilknyttta Utanriksdepartementet gjennom nesten heile sitt yrkesaktive liv, nærare bestemt i 18 år.

Noreg har naturleg nok ein stor stab ved denne ambassaden. Sandra fortel at den no omfattar 16 nordmenn og 35 frå andre land og så kjem sikkerheitsstaben i tillegg.

Sandra søkte på jobben i Kabul, ho vart ikkje beordra dit. Grunnen til at ho søkte var at ho betrakta jobben som ein spennande utfordring.

uskedalen.no spør Sandra om ho ikkje er litt redd for å ta fatt akkurat i Kabul, men svaret er kontant:

- Nei, slett ikkje, eg reknar med at sikkerheitsopplegget er godt og tilstrekkeleg.

Sandra har tidlegare gjort teneste i Tyrkia, Berlin, USA og Korea, alle stader i 2 år med unntak av Korea der ho var i 3 år som er det normale.

Akkurat no har ho avslutta det vanlege ferieopphaldet sitt i Uskedalen.

- Reknar du deg framleis som uskedeling?

- Jau, eg vil alltid vera uskedeling!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen